

Hei Elisabeth.

Viser til dykkar innsendte anmodning om utbetaling for prosjektet Totalpakke Reiseliv, 2017/2434.

De har bedt om delutbetaling i prosjektet, som har ein sluttdato i www.regionalforvaltning.no på 15. januar 2018. I følge innrapporterte kostnader har de eit godkjent budsjett på kr 2.135.000 for første året i prosjektet, og eit tilsagn frå HNH på kr 726.000. I følge anmodninga om delutbetaling har de brukt kr 814.219 så langt i prosjektet. I følge tilsagnet kan de få delutbetaling på 34% av akkumulerte kostnader. Vi utbetaler kr 240 000 som delutbetaling, men utvidar samtidig prosjektperioden sidan de ikkje har komme så langt i prosjektet som det som har vore tanken då søknaden blei skriven.

Prosjektet blir utvida til 01. desember 2018, med ein forventa avslutning av første året i prosjektet i juni 2018 og ein påfølgande 6 mnd rapporteringsperiode. Om de ynskjer å søkje om støtte frå HNH til påfølgande år i prosjektet, gjer de dette etter at de har sluttrapportert for det tilsagnet som er gitt.

Venleg helsing

Marta Rongved Dixon